Det blir for mye vektlagt at en områdeplan skal bøte på og gi bedre vurderinger for byggbarheten i området spesielt med tanke på støy. Det som er paradokset er at en områdeplan er mindre detaljert enn en bebyggelsesplan, og støy, infrastruktur og barn og unge sine interesser er ivaretatt i denne saken uten en ny områdeplan. Vi kan ikke helt se hvilken verdi en områdeplan skal kunne tilføre som ikke kan løses med rapport og løsninger til oppgradering på veitilkomst, og opparbeiding av lekeplass. Det å sette i gang en langvarig planprosess vil heller ikke nødvendigvis føre til særlige praktiske forskjeller fra det å godkjenne en enkeltstående byggesak. I denne saken er tale om å bygge på en tomt i et allerede etablert boligmiljø. Det vil derfor være begrenset hvor mye en faktisk kan endre gjennom en områdeplan, uten å ta hensyn til de faktiske forhold og eksisterende bebyggelse. En områdeplan vil derfor ikke nødvendigvis gi den ønskede effekt kommunen viser til.

Hensynene bak bestemmelsen er dermed klart ikke vesentlig tilsidesatt.

Kommunen vektlegger i fordeler og ulemper for dispensasjon at KDP ikke blir fulgt og at støy ikke var tatt høyde for i planen samt utviklingen viser at det er innenfor rød støy. KDP Meland er i utgangspunktet Meland kommune sin kommuneplan, og en ny kommuneplan er under utarbeiding. Om KDP blir opphevet er usikkert, men den er tilpasset Meland kommune, og ikke nødvendigvis Alver kommune som ny storkommune sine vurderinger av området. Det blir tungt vektlagt at det er en ulempe å bygge i rød støysone, og at det skal sikres barn og unge arealer uten høy støybelastning. Dette har Sweco sett på og konkludert med at det finnes løsning og at boligene og utearealet vil bli innenfor akseptert støynivå. Dersom kommunen tidligere har gitt dispensasjon fra områdereguleringsplan fordi de ser at det ikke vil bli en ny områdereguleringsplan på mange år, så bør dette sterkt vektlegges i denne saken også. Det hindrer befolkningsvekst i kommunen når regulerte tomter ikke skal kunne bygges ut i påvente av en ny områdereguleringsplan. Videre vil de utfordringene som Statsforvalter påpeker være løsbare, og det vil ikke være nødvendig med en ny områdereguleringsplan for å komme med disse løsningene for den aktuelle tomten. Det vil være tilstrekkelig med rapporter og tiltak for avkjørsel etc.

Klager vil hevde at det en oppnår ved å kreve områdereguleringsplan i denne saken, er relativt begrenset sammenlignet med en ordinær byggesak.

Det bør også vektlegges at det i 2023 ble gitt dispensasjon fra krav til områdeplan for en tomannsbolig innenfor samme bebyggelsesplan. Likebehandlingsprinsippet gjør seg da gjeldende.

Vi mener derfor at fordelene er større enn ulempene.

Vilkårene etter pbl. § 19-2 er oppfylt, og det bør derfor gis dispensasjon. Videre er det funnet løsning for avkjørsel med veimyndighet og det bør derfor gis tillatelse til utvidet bruk av kommunal avkjørsel.»

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Nabomerknad til klage – gbnr 1/222

«Vi ønsker i utgangspunktet ikke mer trafikk på denne veien.

Vi ønsker at hensynet til de myke trafikantene skal veie tungt, og mener derfor at dersom den private veien skal bli mer trafikkert bør svingen fra kommunal vei utbedres betydelig for å øke sikten gjennom svingen. Bakkene før og etter svingen, samt den spisse vinkelen, gjør sikten pr. Nå for dårlig. Kan legges til at også sikten gjennom neste kryss (første avkjørsel til venstre, når du kjører fra den kommunale veien og har tatt inn på den private) er dårlig. Heller ikke det krysset er godt dimensjonert for økt biltrafikk.

Oppfordrer gjerne til befarings på veien, men minner om at det er viktig at befarings blir gjort i tidsrommet før skolebussen går på morgenen eller når den kommer tilbake på ettermiddagen.

Som en kommentar på det estetiske med muren og de lydisolerende elementene stiller vi bare spørsmålsteget med hvor estetisk det blir. Vi frykter at det vil bli dominerende og bryte med estetikken ellers.»

Det vert vist til nabomerknad til klage i sin heilskap som følgjer vedlagt.

KOMMUNENES VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Dispensasjon frå regulert avkjørsel

Vurdering av omsynet

Omsynet bak regulert avkjørsel er å planlegge infrastruktur, regulere trafikk, sørge for trafikktryggleik, sikre mjuke trafikkantar. I denne saka er det søkt dispensasjon frå regulert avkjørsel for etablering av avkjørsel i nord som forlenging av eksisterande privat veg på gbnr 1/24.

Søkjær argumenterte for dispensasjon med mellom anna følgjande:

Plasseringen av avkjørsel og parkering i bebyggelsesplanen har ikke tilstrekkelig tatt høyde for at det er en bratt tomt, og det må lages en trapp eller en bratt vei opp til boligene dersom parkering og avkjørsel skulle blitt opparbeidet i tråd med bebyggelsesplanen. Det vil også bli komplisert i forhold til bygging av tomten og å komme til med anleggsmaskiner.

For å bevare mest mulig av terrenget og unngå store terrenginngrep vil det være mer hensiktsmessig å plassere parkering og avkjørsel med omsøkt

plassering. Dette medfører at bevaringsområdet også blir stående urørt på nedsiden, siden det ikke blir plassert parkering og avkjørsel i nær tilknytning slik som bebyggelsesplanen legger opp til.

Det blir også en bedre tilkomstvei med mindre trafikk og trafikkhensynene er dermed ivaretatt. Veien endre opp i en blindvei, slik at det vil være begrenset trafikk og lav fart. Avkjørselen er oversiktlig siden det ikke er bygginger tett opp mot avkjørselen.

Administrasjonen er samd med søkjar at to tomannsbustader er plassert i terrenget omtrent slik det er regulert i reguleringsplanen og bebyggelsesplanen av 1998.

Søkjar viser til store terrenginngrep om man skal forholde seg til bebyggelsesplan sin tilkomst. Administrasjonen er ikkje samd med søkjar og meiner at det er ikkje regulert tilkomst til inngangsparti til bustader. Det er regulert avkøyrslle med kort veg til felles parkering. Det er lagt til grunn at bebuare skal gå frå parkering til bustad. Det vert mindre terrenginngrep viss ein ikkje sprenger til inngangsparti, men forholder seg til planen med felles parkering på lågare nivå. Vi ser ingen konflikt mellom bevaringsområde og avkøyrsl regulert i planen.

Kommunen kan ikkje gi dispensasjon, dersom omsyna bak lovas formålsregel blir vesentleg tilsidesett. Det ligg føre uttale frå både statsforvaltaren i Vestlandet og frå vegfagmynde som rår ifrå dispensasjon i denne konkrete saken.

Samferdsel-, veg, vatn og avlaups avd. har uttalt seg negativt til omsøkt endring av regulert tilkomst den 12.11.24.

Den kommunale vegen som, som ein no ynskjer avkøyringsløyve ifrå, er etablert som ei eitfeltsveg med to køyreretningar. Vegen har ei bruksklasse Bk8/32, der maks lengde på køyretøy er satt til 12,4 m. Det er ikkje moglegheit til å snu i enden av vegen. Avkøyrsla som ein ynskjer å nytte som tilkomstveg stettar, per dags dato, ikkje dei krava Vegdirektoratet har satt for avkøyrslar frå offentleg veg. Avkøyrsla sin geometriske utforming og bredda på den kommunale vegen kan gjere det utfordrande for større køyretøy og anleggsmaskiner å komme seg fram til eigedomen.

Dersom avkøyrslle vert etablert i samsvar med reguleringsplan, vil ein kunne etabler ei avkøyrslle som stettar dei krava som Vegdirektoratet har fastsett i regelverk. Når det gjeld gangtilkomst til bustadane vil stigningsforholdet være avhengig av kva kote underetasjen vert etablert på. Vegdirektoratet tek berre stilling til stigningsforhold i køyreveg. Regelverket tek ikkje stilling til stigningsforholdet til interne gangvegar.

Administrasjonen registrerer at utviding av privat veg er ikkje mogeleg. Vegen er ikkje dimensjonert for belastning av større anleggsmaskiner og vil bli øydelagt. Det er

heller ikkje mogleg for anleggsmaskinene å snu i enden av planlagt veg. I tillegg trafikktryggleik for mjuke trafikanter langs privat veg vert forverret.

Det er planlagt ein betongstøttemur med lengde på ca. 70 meter i forkant av bustader som er dominerande etter vårt syn. Muren burde vere terrassert, avtrappa, splitta i to, utførast i anna materiale for å harmonere med eksisterande terrenget og omkringliggjande bustader. Søkjar skrivar mykje om høy estetisk kvalitet på bustader og bra teknisk løysing på bustader med utomhus. Administrasjonen kan ikkje så at utforminga på muren er tilpassa området og har ein god estetisk utforming. Etter vår oppfatning vil muren synleg forringe strøkets karakter.

Det er motteke 6 merknader i saka som viser at naboar støtter ikkje endring av regulert vegtilkomst. Merknader går på mellom anna same forhold som Vegmynde er bekymra for: auke trafikk, dårleg siktforhald, nærleik til private uteopphaldsarealet, smal veg, nærleik til skoleveg, dårlig vegdekke som tåler ikkje tungt transport, enorm mur i forkant etc.

Det er inngått avtale med eigar av gbnr 1/24 om vegrett til privat veg. Administrasjonen meiner at det må liggje føre samtykkje frå andre eigare av veg i denne saken.

Administrasjonen vurderer i denne saken at naboar sine bekymringar må tas omsyn til, då det er høve å følge bebyggelsesplan for betre tilkomst løysing.

Søkjar skrivar at det er vanskeleg å komme med anleggsmaskin for regulert avkjørsel, dette er også tilfelle for den private vegen det er søkt om å nytta. Utvida bruk av av privat veg er ikkje teke stode til i planen. Ved overveing av fordelar og ulemper vil administrasjonen følgje bebyggelsesplan.

Kommunen vurderer at omsynet bak regulert avkjørsel blir satt vesentleg til side i denne saka.

Vurdering av fordelar og ulemper

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at eksisterande privat veg er ikkje dimensjonert for slik belastning og ikkje snumoglegheit i enden. I tillegg trafikktryggleik for mjuke trafikanter langs privat veg, kvalitet på uteopphald med leik for eksisterande bustader vert vesentleg forverret. Det er usamd mellom vegeigare og utbyggjar.

Kommunens vurdering er at tiltaket må nytta tilkomst via regulert tilkomstveg.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå regulert vegtilkomst er ikkje oppfylt.

Dispensasjon frå krav om felles områdeplan

Vurdering av omsynet

Omsynet bak områderegeringsplan er å sikre vidare utvikling og bruk av arealet i tråd med kommunal politikk og ivaretaking av alle interessegrupper. Plan skal sikre at utbygging skjer forsvarleg i fastsett rammer, som fastleggjast av politikare i kommune.

Administrasjonen er samd med søkjar i at i denne saka er det gjennomført både regulering og bebyggelsesplan for bustader, men dette ble gjort i 1998. Vi kan ikkje si at de omsyn som ble ivareteke i 1998 er gjeldande i dag. Det gjeld mellom annet omsyn til barn og unge sine interesser, støy mot veg, infrastruktur i form av vegtilkomst. Område ble utbygd for en stund sidan og nå er det regulert område B3 som gjenstår som resterande tomt. Det er krav til fornying av eldre reguleringsplanar i samsvar med endring av statleg og kommunale behov og politikk. Dette kravet er gjenspeila i pkt.4.5 av kommunedelplanen for Meland om felles områdeplan for Flatøy aust.

Kommunen kan ikkje gi dispensasjon dersom omsyna bak lovas formålsregel eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett. I sin uttale viser statsforvaltaren i Vestlandet til at omsøkte tomannsbustader ligg i rød støysone i Støysone kart frå vegvesen:

I kommuneplanen for tidlegare Meland kommune ser det ut til at dette område ligg i omsynssone for gul støysone. Det er då krav om støyfagleg utgreiing for etablering av ny busetnad og retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging skal leggjast til grunn også ved handsaming av byggesaker. I støysonekart frå statens vegvesen ser det ut som dette området no ligg i raud støysone. I raud støysone er det *«ikkje tillate å føre opp nye bygg som skal nyttas til føremål som er vare for støy. Tiltak på eksisterande bygningar kan ikkje medføre nye bueiningar eller nytt bruksareal for varig opphald»*. Jf. føresegn 4.1.2 i KPA for Meland.

Støy er eit folkehelseproblem, og det er uheldig å bygge nye bustader i støyutsette område. Før ein tar stilling til dette bør ein vite om og korleis ein kan overhalde grenseverdiane i tabell 2 i retningslinjene for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) og eventuelt kvalitetskriteria om stille side.

I rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging står det at areal og anlegg som skal nyttast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Det står også at i nærmiljøet skal det finnast areal kor barn kan utfolde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det er i eldre reguleringsplan satt av område for leik i nærleiken, men det ser ikkje ut som arealet er realisert.

Statsforvaltaren meiner at kommunen må belyse og vektlegge støysituasjonen og omsyn til barn og unge i vidare handsaming av denne saka. Både støy, trafikkfare og gode leikeareal må vurderast. Om gjeldande plan ikkje tar i vare viktige omsyn, bør ein ikkje fråvike krav om felles planlegging.

Vurdering av fordelar og ulemper

Det er ulempe i denne saken å tillate 2 tomannsbustader slik at nyare kommunedelplan av 2019 vert ikkje følgt og krav om felles områdeplan er neglisjert. Verknad i denne konkrete saken at eldre regulerings- og bebyggelsesplan ikkje teke omsyn til dagens situasjon med mellom anna betydeleg aukt støy langs E39. Sjølv om i kommunedelplan av 2019 ble eigedommen lagt i gul støysone langs E39, har situasjonen utviklet seg til rød støysone i siste årene.

I PBL §1-1 Lovens føremål er det hovudpunktet for planlegging av nye tiltak – å leggja vekt på langsiktige løysingar, verknad for miljø- og samfunn. Arealet som skal nyttast av barn og unge skal sikrast mot mellom anna støy.

Sjølv om det er ikkje sendt inn byggesøknad, er dispensasjon knytte til konkret byggeprosjekt med oppføring av 4 nye bueiningar i rød støysone ifølgje Vegvesen sitt støykart. Dette strider mot nasjonal politikk. Det er ikkje høve å oppføre nye bueiningar i rød støysone. Om det finns tekniske løysingar å løyse støyproblematikk innvendig i bustader, er vi i tvil om dette kan løysast for uteområdet til bustadane.

Vi har forståelse for at støysituasjonen ble annerledes då bebyggelsesplan ble utarbeida i 1998, i dag er situasjonen betydelig forverret med aukt trafikk og støy langs vegen. Bebyggelsesplan er gammal, utdatert, tar ikkje vare på viktige omsyn som barn og unge, støy, infrastruktur og vi kan sjå fordel med ny felles områderegulering på Flatøy aust i tråd med KDP Meland. Dispensasjon kan ikkje gjevast i denne konkrete saken.»

«Nabomerknad

Det er motteke 6 merknader i saka, 2 av dem kjem frå familiemedlemmer til eigar av gbnr 1/76 m.fl.

Merknader viser at naboar støtter ikkje endring av regulert vegtilkomst. Merknader går på mellom anna same forhold som Vegmynde er bekymra for: auke trafikk, dårleg siktforhald, nærleik til private uteopphaldsarealet, smal veg, nærleik til skoleveg, dårleg vegdekke som tåler ikkje tungt transport etc.

Det er inngått avtale med eigar av gbnr 1/24 om vegrett til privat veg. Administrasjonen meiner at det må liggje føre samtykkje frå andre eigare av veg i denne saken.

I tillegg til trafikk, vegbelastning og vegutviding har naboar merknader om innsyn, tapt utsikt, utføring av mur og kotehøgd og plassering av bustader.

Kotehøgd og plassering av bustader er i tråd med bebyggelsesplan, kotehøgd om byggegrenser regulert i planen. Administrasjonen er samd med søkjar at en viss grad av aukt innsyn og tap av utsikt er pårekneleg når man busettar seg i tett bygd regulert strøk, difor er det ikkje vurdert som stor ulempe i saken.

Lang betongmur har vi vurdert som dominerande under estetiske vurderingar av tiltaket.

Administrasjonen vurderer i denne saken at naboar sine merknader, med unnateke for tapt utsikt og aukt innsyn, må tas omsyn til, då det er høve å følge bebyggelsesplan for betre tilkomst løysing.»

Vurderingar av moment i klagen og nabomerknad til klagen

Avkøyrslø

Samferdsel har vore på synfaring og deretter gjeve utvida bruk av avkøyrslø den 10.02.25 etter veglova på vilkår. Kommunedirektøren kan imidlertid sjå at det er ikkje mogeleg å oppfylle vilkåret i vedtaket som går på fall frå kommunal veg. Kommunedirektøren står fast på at det det ikkje skal etablerast privat veg til 12 bueiningar. Det er 8 bueiningar frå før og 4 nye med omsøkte to tomannsbustadar. Dette fordi det er mogeleg å etablere tilkomstveg i samsvar med reguleringsplanen til 4 nye bueiningar - omsøkte to tomannsbustadar. Ved endring av vegtilkomst eller utforming av avkøyrslø, vegbreidde, radius skal det varslast på nytt til naboar og naboar etter plan- og bygningslova. Dette er ikkje gjort. Det er sannsynleg at det vert nabomerknadar då det er 4 nabomerknadar til opprinneleg søknad. Kommunedirektøren viser til grunngjeving i avslaget.

Støy

Støyfagleg utgreiing frå Sweco vedlagt klagen, datert 21.01.2025 ligg føre i klageomgangen. Den inneheld illustrasjon av støyvurdering, kor konsulent meiner at støy er løysbart. Dette vises i førebels støymåling av uskjerma og skjerna støynivå på bakken av begge 2-mannsbustader i 1.etasje og 2.etasje. Dette er førebels resultat utan endeleg utrekning og utan sidemannskontroll. Kommunedirektøren viser til nyare støykartgrunnlag frå Statens vegvesen, kor to tomannsbustader ligg i rød støysone. Kommunedelplanen av 2019 kan difor ikkje leggast til grunn når fagmynde har betre grunnlag og vurderer støysituasjon inne og ute som ikkje akseptabel for å nytte som bustad. Vi viser til grunngjeving i avslaget.

Øvrige moment

Klagar er innstilt på opparbeide leikeareal som er regulert i planen innafor støykrava. Kommunedirektøren viser til at det er krav om opparbeiding av slik leikeplass/uteopphald for barn og unge, som skal skjermast frå støy.

Klagar viser til at estetikken til mur vert utbetra når den skal utførast i naturstein med beplanting. Kommunedirektøren finn det positivt at materialet på mur ble endra til naturstein. Kommunedirektøren er usamd med utbyggjar at samangående mur på ca.70 meter er betre i natursteinsmur enn terrassert mur. Dominerande synleg uttrykket for heile område forsvinner ikkje ved bruk av naturstein. Kommunedirektøren meiner at muren bør delast i to og terrasserast.

Klagar er usamd med administrasjonen i at det krevjast fleire vegrettar då tinglyst privat vegeigar har samtykka i tiltaket. Denne private vegen har fleire brukarar utanom grunneigar av vegen. Dei vil ha sine private rettar i høve bruk og vedlikehald av vegen. Vegrett er ei privatrettsleg sak som må finne si løysing i rettsapparatet. Kommunen kan gi dispensasjon på bakgrunn av opplysning om at privatrettsleg vegrett er eller vert i orden. Ved evt. byggesøknad for tiltaket, i tråd med gitt dispensasjon, må vegrett dokumenterast.

Klagar er usamd med administrasjonen i at det er umogleg å snu på eigedommen. Søkjar skrivar at det er snumoglegheit ved oppgradering av veg. I utvida avkøyringsløyve, datert 10.02.2025, er det satt som vilkår at det vert etablert snu areal på eigen grunn.

Klagar meiner at nabomerknader skal ikkje vektleggjast når plassering av to tomannsbustader er bestemt i plan. Ved nytt nabovarsel til søknad, om endra vegløyving/utvida bruk av avkøyrse, vil nabomerknader vurderast på nytt. Kommunedirektøren viser til at nabomerknader etter plan- og bygningslova § 21-3 skal vurderast, sjølv om bustader er plassert i planen. Omsøkt tilkomst til to tomannsbustadar følgjer ikkje bebyggelsesplanen. Det er difor særleg viktig å vurdere nabomerknadane i saken. Dersom utbyggar skal følgje bebyggelsesplanen, så er det regulert gangtilkomst frå sørsida i planen utan moglegheit til å snu og parkere på eigen tomt.

Klagar meiner krav om områdeplan er ikkje er naudsynt da bebyggelsesplan er meir detaljert enn framtidig områdekrav. Kommunedirektøren meiner at områdeplanen vil foreta ein ny og oppdatert vurdering av infrastruktur, trafikktryggleik samt barn og unge sine interesser slik det framgår av føremålsbestemmelsen § 1-1 i plan- og bygningslova. Desse omsyna er ikkje godt nok ivareteke med omsøkt dispensasjon frå krav om områdereguleringsplan og frå regulert avkøyrse for oppføring av to tomannsbustadar. Vi viser her til avslaget.

Klagar meiner at likskapsprinsippet skal vektleggast og viser til at det i 2023 vart gjeve dispensasjon frå krav til områdeplan for en tomannsbustad innanfor same bebyggelsesplan. Kommunedirektøren viser til at klagar ikkje har opplyst gards- og bruksnummer for denne tomannsbustaden. Kommunedirektøren kan difor ikkje foreta ein faktisk og rettsleg samanlikning av sakene.

Nabomerknad til klagen

I følgje nabo, så er trafikktryggleik er ein stor utfordring særleg for barn og unge. Trafikktryggleik til mjuke trafikkantar vert ikkje ivaretatt med omsøkt tiltak. Veg og kryss er ikkje dimensjonert for auka biltrafikk. Kommunedirektøren tok nabomerknad til følgje i avslaget i høve trafikktryggleik og mur. Denne vurderinga gjer seg framleis gjeldande. I tillegg kjem støyskjerming. Vi viser her til avslaget og vurdering i klageomgangen.

På denne bakgrunn legg kommunedirektøren til grunn at det samla sett ikkje føre nye momenta i klagen som endrer avslaget om dispensasjon, datert 13.01.25.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle paratar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå

klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.Vedlegg

- 1 • Søknad om dispensasjon - gbnr 1/415 Flatøy •
- 2 • Søknad om dispensasjon.pdf •
- 3 • Situasjonsplan •
- 4 • Nabovarsel.pdf •
- 5 • Kvittering nabovarsel.pdf •
- 6 • Svar på nabovarsel - 1/45 - Merknad.pdf •
- 7 • Svar på nabovarsel - 1/222 - Merknad.pdf •
- 8 • Svar på nabovarsel - 1/76, 1/92 og 1/119 - Merknad.pdf •
- 9 • Merknad nabovarsel Gbnr 1/415.odt •
- 10 • Kommentarer nabomerknader •
- 11 • Terrengprofiler C og D.pdf •
- 12 • Bilde av klage.JPG •
- 13 • Terrengprofiler A og B.pdf •
- 14 • 503 Snitt A-A.pdf •
- 15 • Fasader 1 •
- 16 • Plan 1 og 2 •
- 17 • Solberget ekst01 02 241025 kopi.jpg •
- 18 • Solberget ekst02 02 241025 kopi.jpg •
- 19 • Svar på merknad i saka - gbnr 1/415 •
- 20 • Klage på bygg - gbnr 1 415.PDF •
- 21 • Tilleggsinformasjon til sak - gbnr 1/415 •
- 22 • Situasjonkart •
- 23 • Vedlegg B-2 dispensasjonssøknad .pdf •
- 24 • vegrett.pdf • Offl. § 26
5. ledd
- 25 • Klage på byggeplaner - 1/415 Flatøy •
- 26 • Svar - nabovarsel til gjenbuar på gbnr 1/253 •

- 27 • Nabovarsel for tiltak på Gbnr 1/415 i Alver kommune •
- 28 • VS: Nabovarsel for tiltak på Gbnr 1/415 i Alver kommune •
- 29 • Uttale dispensasjonssøknad - gbnr. 1_415 oppføring av 2 •
- 30 • tomannsbustader, murar og parkering Flatøy.pdf •
- 31 • Uttale - dispensasjon - Alver 1_415 - Flatøy - oppføring av to •
- 32 • tomannsbustader - murar og parker.pdf •
- 33 • Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 1/415 2 •
- 34 • tomannsbustader Flatøy •
- 35 • Søknad om endret bruk av avkjørsel - KV 2101 til •
- 36 • eiendommen gbnr. 1/415 •
- 37 • Situasjonsplan •
- 38 • Andre vedlegg - vegrett • Offl. § 26
- 39 • Andre vedlegg - Redegjørelse • 5. ledd
- 40 • Klage på vedtak.pdf •
- 41 • Klage på avslag på søknad om dispensasjon Gbnr 1/415 i Alver •
- 42 • kommune •
- 43 • Svar på søknad om avkøyrsl - to tomannbustader - Gbnr 1 •
- 44 • 415.pdf •
- 45 • Oversender klage på avslag på søknad til uttale - gbnr 1/415 •
- 46 • bilde av klage.JPG •
- 47 • Merknad nabovarsel - gbnr 1/415 •
- 48 • Murprofiler .pdf •
- 49 • brev.pdf •
-